



Hordaland politidistrikt

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/605 - 16/5634

Saksbehandlar:

Berit M.Eskeland

Berit.Eskeland@meland.kommune.no

Dato:

15.03.2016

Vedtak om særskilt fartsgrense - KV27 Håtuftvegen, KV28 Myrtveitvegen og KV29 Gripavegen

Administrativt vedtak. Saknr: 72/2016

Saksutgreiing:

Meland kommune har fått melding frå Myrtveit Bygdehus om at dei er uroa over til tider stor fart på vegstrekka KV27 Håtuftvegen, KV28 Myrtveitvegen og KV29 Gripavegen. Aktuell strekning er 2,4 km for Håtuftvegen, 0,7 km for Myrtveitvegen og 0,8 km for Gripavegen. Det er spredt busetnad langs vegane og den generelle fartsgrensa etter veglova er 80 km/t. Delar av strekninga er meir tettbygd, den går mellom anna gjennom gardstun, og det vil her vere uklart om den generelle fartsgrensa her er 50 km/t eller 80 km/t. Myrtveitvegen og Gripavegen er også skuleveg for barn som skal ta skulebussen frå busstoppet i enden av Håtuftvegen.

Vurdering:

Generelt er alle tre vegane smale og uoversiktelege. Det er mange partier med vegbredde mindre enn 4 m. Det er heller ikkje gang- og sykkelveg på strekninga. Ut i frå desse vurderingane ønskjer Meland kommune sette ned farten til 50 km/t på KV27 Håtuftvegen, KV28 Myrtveitvegen og KV29 Gripavegen. Vedlagt skiltplan viser korleis skiltinga er planlagt satt opp.

I samsvar med skiltforskrifta § 26.1 ba kommunen om uttale frå Hordaland politidistrikt og Statens vegvesen. Frist for uttale var 03.03.16.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Statens vegvesen støtter Meland kommune sine vurderinger. Dei påpeiker i tillegg at fartsgrensesnitt skal vere tosidig. Dette vert endra av kommunen i revidert skiltplan. Hordaland politidistrikt har ikkje kome med uttale.

Vedtak

«I medhald av skiltforskrifta § 26 pkt. 1 vert det vedteke å sette ned fartsgrensa på KV27 Håtuftvegen, KV28 Myrtveitvegen og KV29 Gripavegen Mjåtveitvegen til 50 km/t. Skilt vil bli satt opp basert på vedlagt skiltplan.»

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Berit M.Eskeland
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Skiltplan særskilt fartsgrense KV27, KV28 og KV29

Mottakere:

Hordaland politidistrikt
Myrtveit Bygdehus v/Sølvi Knudsen
Statens vegvesen